



**OFFENTLEG
MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet

Møtestad: Vanylven Rådhus – Kommunestyresalen.

Dato: 01.12.2020.

Møtet tok til: 13:00.

Møtet slutta: 14.00.

Møtet var innkalla ved utsendt sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Paul Sindre Vedeld leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Paul Sindre Vedeld	Leiar.
Lasse Rindal	Nestleiar.
Evelyn Midtbø	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	
Harry Hansen	Medlem.
Laila Haugen	Medlem.

Varamedlemar som møtte:

Namn	
Svein Sandvik for Harry Hansen.	Møtte ikkje.
Lidvar Mindor Kragset for Laila Haugen.	

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon.

Frå administrasjonen / politisk hald møte:

Namn	Stilling
-------------	-----------------

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Paul Sindre Vedeld \ leiar

Lasse Rindal

SAKLISTE

- SAK 43/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 44/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 45/20 MELDINGAR
- SAK 46/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 47/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG – Utsett til neste møte.
- SAK 48/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – TEKNISK SEKTOR – Utsett til neste møte.
- SAK 49/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 50/20 PROSJEKTPLAN – LUKKING AV POLITISKE MØTER - LOVHEIMEL
- SAK 51/20 TERTIALRAPPORT - VANYLVEN KOMMUNE 2. TERTIAL 2020

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	033	28.10.2020	01.12.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Lasse Rindal.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/20	049	28.10.2020	01.12.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.10.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 20.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/20	033&17	18.11.2020	01.12.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Dokument frå Vanylven kommune, av 28.10.2020. «Melding: Møteprotokoll kontrollutvalet 08.09.2020».
2. Dokument frå Vanylven kommune, av 28.10.2020. «Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap».
3. Dokument frå Vanylven kommune, av 12.11.2020. «Svar på klage om manglande utøving av tilsyn og kontroll».
4. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
5. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/20	033&58	18.11.2020	01.12.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet etterlyser protokollane frå Formannskapet den 03.11.2020 og Kommunestyret den 05.11.2020.
2. Kontrollutvalet har elles, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.vanylven.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Driftsutvalet:	24.08	12.10	
Eldrerådet:	06.10		
Formannskapet:	29.09	20.10	03.11
Kommunestyret:	07.09	26.10	05.11
Livsløputvalet:	25.08	13.10	
Råd for funksjonshemma:	06.10	17.11	
Ungdomsrådet:	19.05	13.10	

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/20	030&18	28.10.2020	01.12.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF FOR HELSE OG OMSORG

Samrøystes vedtak

Saka vert utsett til nest møte.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysing

Kommunalsjef for helse og omsorg Aud Marie Åsen er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for helse og omsorg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/20	030&18	28.10.2020	01.12.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF FOR TEKNISK SEKTOR

Samrøystes innstilling

Saka vert utsett til neste møte.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kommunalsjef for teknisk sektor Helge Klepp er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for teknisk sektor.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
49/20	217	24.11.2020	01.12.2020	JS

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak for eigarskapsstyring innan 30.06.2021, basert på «Anbefalingar om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» frå KS.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

Vedlegg

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kapittel 8 frå Overordna analyse utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
3. KS Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll (Ikkje oppdatert i høve ny kommunelov. Ein ventar på ajourført utgåve frå KS)

Saksopplysningar

Viser til forslag til plan som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	217	20.11.2020	01.12.2020	KS/JS

PROSJEKTPLAN – LUKKING AV POLITISKE MØTER - LOVHEIMEL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Lukking av politiske møter – Lovheimel, jf. prosjektplan.

Vedlegg

Lukking av politiske møter – Lovheimel. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon. Datert 19.11.2020.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet fekk i sak 81/20 Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap, fullmakt til vedtak prioritetsrekkefølge for utføring av ulike prosjekt. Ut frå diskusjonar i utvalet bør første prosjektet vere Lukking av politiske møte – Lovheime.

Vi har difor bede Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide prosjektplan for eit slikt prosjekt, sjå vedlegget.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
51/20	212	17.11.2020	01.12.2020	JSa

TERTIALRAPPORT - VANYLVEN KOMMUNE 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 82/20 – Terialrapport 2. tertial 2020 til vitende.

Vedlegg

1. Saksframlegg datert 13.10.2020 til Formannskapssak 102/20 20.10.20 og Kommunestyresak 82/20 26.10.20
2. Finansrapport 1. januar – 31. augst 2020 frå Bergen Capital Management
3. Komtek – orientering om dataprogram
4. Vanylven Kyrkjelege Fellesråd – søknad
5. Terialrapport 2. tertial 2020

Saksopplysning:

1. Både administrasjonen og eit samla kommunestyre er uroa for den økonomiske situasjonen. Situasjonen er så alvorleg at kommunen kan vere i fare for å komme i Robek.
2. Jamfør punkt 9 i kommunestyrevedtaket i saka, vedlegg 1.
Kommunen styrer mot eit **overforbruk på ca. 10 mill. i 2020** Sjå også punkt 6 nedanfor.
3. Overforbruket er i hovudsak innan helse og omsorg. I vår anslo administrasjonen overforbruket for 2020 til 13 mill. pga. reduksjon i tilskot til ressurskrevjande brukarar. Helse og omsorgssektoren var såleis underbudsjettert.

4. Kommunestyret har gjort vedtak om at rådmannen må sette inn tiltak for å få overforbruket under kontroll. Rådmannen må vidare ha tett dialog med Formannskapet og Kommunestyret framover.
5. Kommunen ligg langt etter å nå finansielle måltal for bærekraftig utvikling.
6. Kommunen får 6,2 mill. frå Havbruksfondet, samt vel 2 mill. ekstra i lønnsreservar. Kommunen har såleis ca. 8,3 mill. ekstra til å dekke underskot i sektorane. Dette gjer at administrasjonen trur **at rekneskapen vil gå i balansen i 2020**, vedlegg 6. Sjå likevel punkt 9 i kommunestyrevedtaket i punkt 2 ovanfor.
7. Sjukefråværet enda på 6,52% i 2. tertial. 7,77% hittil i år. Dette er ein liten nedgang frå 2019. Målalet er 7%. Sjå elles 3. sida i vedlegg 5.
8. **Total lånegjeld 31.08.20 er på 255 mill.**, sjå side 5 i vedlegg 2. Dette er omtrent som 01.01.20. Kr. 215 mill. (84%) er rentebinda. 60 mill. (23,4%) forfell innan 1 år, side 8 vedlegg 2.
9. Informativ rapportering pr. sektor, vedlegg 5.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.